



Verneområdestyret
Setesdal Vesthei,
Ryfylkeheiane og
Frafjordheiane

Møteinnkalling

Utvalg: AU i verneområdestyret for SVR
Møtested: E-postmøte,
Dato: 24.03.2023
Tidspunkt: 08:00

Eventuelt forfall må meldes snarest til en av verneområdeforvalterne. Vararepresentanter møter etter nærmere beskjed.

Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
AU 16/23	Godkjenning av innkalling og saksliste		
AU 17/23	Val av en representant til å skrive under møteprotokollen saman med styreleiar		
AU 18/23	Referatsaker		
AU 19/23	Orienteringssaker		
AU 20/23	Søknad om maskinpreparering av løyper i verneområdet SVR. Bortelid - Skrivaren - Pytten. Åseral og Bygland kommune		2022/3613
AU 21/23	Eventuelt		

AU 16/23 Godkjenning av innkalling og saksliste
AU 17/23 Val av en representant til å skrive under møteprotokollen saman med styreleiar
AU 18/23 Referatsaker
AU 19/23 Orienteringssaker



**Verneområdestyret
Setesdal Vesthei,
Ryfylkeheiane og
Frafjordheiane**

Postadresse
Postboks 504
4804 ARENDAL

Besøksadresse
Setesdalsmuseet Rysstad,
Setesdalsvegen 3273, 4748
Rysstad

Kontakt
Sentralbord: +47 37 01 75 00
Direkte: +47
finavjth@statsforvalteren.no
www.svr.no

Saksfremlegg

Arkivsaksnr: 2022/3613-0

Saksbehandler: Jørn Trygve Haug

Dato: 23.03.2023

Utvalg	Utvalgssak	Møtedato
AU i verneområdestyret for SVR	20/23	24.03.2023

Søknad om maskinpreparering av løyper i verneområdet SVR. Bortelid - Skrivaren - Pytten. Åseral og Bygland kommune

Forvalters innstilling

Med heimel i *Forskrift om vern av Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde* kap. 4 pkt. 5.5 bokstav f, gir arbeidsutvalet Bortelid Fjellpark løyve til å maskinpreparere traseen mellom Bortelid og Pytten. Løyvet gjeld for skjærtorsdag og langfredag i 2023 og 2024.

Med heimel i naturmangfaldslova § 48 gir arbeidsutvalet Bortelid Fjellpark løyve til å maskinpreparere traseen kring Skrivaren. Løyvet gjeld for torsdag før påskeveka og til og med andre påskedag i 2023 og 2024.


Løyvet vert gjeven på følgjande vilkår:

- Maskinprepareringa skal følgje traseane merka av i kartet i vedtaket
- Løyvet skal alltid vera med i maskinen under preparering
- Om det kjem melding om, eller det under oppkøring vert oppdaga villrein i eller nær traseane, skal maskinen straks vende og køyre attende i same spor utan sporsetjaren nede i snøen. I slike tilfelle skal forvaltningsstyresmakta konsulterast før løypa evt, blir køyrd opp att. Forvaltningsstyresmakta kan trekke tilbake løyvet om det er naudsynt av omsyn til villrein.

Arbeidsutvalet legg vekt på at maskinprepareringa er avgrensa til ein kort periode i påska der prepareringa kan ha ein kanalisierende effekt på ferdsla som uansett er i området. Vidare legg arbeidsutvalet vekt på at baa traseane er del av Åseral kommune sin sti- og løypeplan.

Løyvet vert gjeven for to år. I grunngjevinga er det lagt vekt på at prepareringa har ein positiv effekt ved at ferdsla i område vert samla i to trasear. Erfaringa med om prepareringa har denne kanalisierende effekten i løpet av løyveperioden vil bli lagt vekt på ved ei eventuell forlenging av løyvet utover 2024.

Godkjend trase for maskinpreparering. Trase til Pytten er merka blå. Trase kring Skrivaren er merka raud



Etter § 10 i *Lov om motorferdsel i utmark* kan grunneigar nekte køyring på sin eigedom. Vi oppmodar difor om at det vert henta inn samtykke frå aktuelle grunneigarar før preparering tar til.

Saksopplysninger

Bortelid Fjellpark v/Ruben Bortelid har søkt om å maskinpreparere en trase til Pytten i samband med det tradisjonelle Pyttentreffet langfredag i påsken. Prepareringa skal etter planen skje i tidsrommet 6. april – 7. april. Det er i tillegg søkt om «test-køyring» av ein trase kring Skrivaren (Skrivarknuten) i påsken 2023, dvs i perioden 30.3 – 10.4. Traseen til Pytten og Skrivaren går delvis i same trase, sjå kart i innstillinga ovanfor. Her er traseen til Pytten merka blå og traseen kring Skrivaren merka raud. Eksisterande trase utanfor verneområdet er merka rosa.

Formell bakgrunn for vurdering og vedtak

- Forskrift om vern av Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde av 28.04.2000
- Naturmangfoldloven
- Forvaltningsplan for verneområda i Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane frå 2015.

Heimelsgrunnlag

Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane landskapsvernområde vart verna ved Kronprinsregentens resolusjon av 28. april 2000. Føremålet med vernet er etter kapittel III i Føreskrift om vern av Setesdal Vesthei- Ryfylkeheiane landskapsvernområde:

1. Å ta vare på eit samanhengande, særmerkt og vakkert naturområde med urørte fjell, hei og fjellskogsområde med eit særmerkt plante- og dyreliv, stølsområde, beitelandskap og kulturminne.
2. Å ta vare på eit samanhengande fjellområde som leveområde for den sørlegaste villreinstamma i Europa.

Etter verneforskrifta kap. 4 pkt. 5.1 bokstav a er motorisert ferdsel på land forbode. For traseen til Pytten er dette av dei traseane som det etter verneforskrifta kap. 4 pkt. 5.5 bokstav f kan gjevast løyve til. Særskilde vilkår gjeld for slik maskinpreparering. Tilsvarande løyve for slik preparering vart gjeven av arbeidsutvalet i 2022 sak 19/22.

Rundløypa kring Skrivaren er ikkje gjeven ein særskild dispensasjonsheimel i verneforskrifta, og må difor handsamast etter unntaksbestemminga i naturmangfaldslova § 48. Etter denne paragrafen kan det gjevast dispensasjon frå vernevedtaket om det ikkje strir mot verneføremålet og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig.

Båe trasane er del av Åseral kommune sin vedtekne sti- og løypeplan. Verneområdestyret hadde ikkje innvending til traseane når dei uttala seg til planen i 13.12.2019 sak 40/19.

Vurdering

Vurdering etter naturmangfoldloven (NML)

Etter § 7 i Naturmangfoldlova skal dei miljørettslege prinsippa i §§ 8 til 12 i naturmangfoldloven leggst til grunn som retningsliner ved utøving av offentlig myndigheit. Forvaltingsmyndigheita må ved alle tiltak som vedkjem naturmangfaldet vurdere søknadane etter desse paragrafane

Kunnskapsgrunnlaget (NML § 8)

Kunnskapen om naturmangfaldet i området er henta frå lokalkunnskap, Miljødirektoratet sin naturbase (www.naturbase.no), database for sensitive artsdata samt frå NINA sitt GPS-merkeprosjekt. Ein har og nytta kartlegging gjennomført av Norsk Villreinsenter (NVS-rapport 6/210) og databasen www.artsobservasjoner.no

Områda nord og nord-vest for Bortelid vert jamleg nytta av villreinen, i første rekke gjennom vinteren og då særleg av mindre bukkeflokkar. Det er relativt vanleg å treffe på villrein, eller spor etter dei, så lang sør som til Langsvatna/Glymsknuten og Honnarrinden. I mars 2023 var det observert villrein på Roddeivsvatnet, i luftline om lag 1,5 km. frå traseen det er søkt om til Pytten. I vintrar med særleg vanskeleg beitetilhøve lenger nord i villreinområdet er desse områda særleg viktig som reservebeite

Historisk sett nytta villreinen desse områda meir tidlegare, også gjennom barmarksperioden. Redusert bruk av områda i seinare tid skuldast truleg mindre stammestorleik i sør-områda og ulike trekkhindre lengre nord. Truleg verkar også menneskeleg ferdsel ut i frå dei store hytteområda på Bortelid og Ljosland inn.

Når det gjeld andre artar er det ikkje registrert informasjon om prioriterte artar, truga eller nær truga artar jfr. «Norsk rødliste». Det er heller ikkje registrert informasjon om utvalde naturtypar, truga eller nær truga naturtypar i aktuelle området.

Ut frå omtalen ovanfor vurderer ein kunnskapsgrunnlaget å vera tilstrekkeleg til å fatte vedtak i saka. «Føre var prinsippet» i NML § 9 vert likevel tillagt vekt i dei vidare vurderingane.



Økosystemtilnærming og samla belastning (NML § 10)

Det er ein god del ferdsel i desse områda frå dei om lag 2000 fritidsbustadene på Bortelid og Ljosland. Frå Bortelid vert det gjennom vinteren preparert skiløype inn til Skrivarknuten på grensa til verneområda. Frå Ljosland vert det preparert skiløype inn Fosstjønn før Pytten. Både Skrivarknuten og Pytten er populære turmål sommar og vinter. Bortelid og Ljosland er også startpunkt for DNT sør sine løyper nordover til Gaukhei og Josephsbu turisthytte. Motorisert ferdsel er i all hovudsak knytt til transport til eit fåtal driftshusvære samt transport og kvisting til dei nemnde turisthyttene

Av omsyn til villreinen bør ein som hovudregel unngå å auke vinterferdsla nordover frå hyttekonsentrasjonane på Bortelid og Ljosland. Skal ein tillate maskinpreparering av trasear i dette området må det vera fordi det har ein sterk kanalisierende effekt. Særleg på seinvinteren kan det diskuteras kor stor den kanalisierende effekten er, sidan mange på godversdagar med god føre like gjerne går utanfor dei preparerte løypene.

Traseen til Pytten har ein lang tradisjon og med eigen dispensasjonsheimel i verneforskrifta. Prepareringa er avgrensa til to dagar og til ei tid på seinvinteren det uansett er mykje folk i området.

Vurdering etter naturmangfaldslova § 48

Maskinpreparering av traseen kring Skrivaren må handsamast etter denne paragrafen. Gjeven pågåande arbeid med tiltaksplanar for dei nasjonale villreinområda kan det innvendast at det ikkje er tida for å opne nye trasear for maskinpreparering. Det må også leggst til at det skal vera ein høgare terskel for å tillata maskinprepareringa etter paragraf 48 i naturmangfaldslova enn for trasear med eigen dispensasjonsheimel.

Verneområdestyret har i besøksstrategien og i tidlegare saker lagt vekt på at maskinpreparering i verneområdet føreset at traseane er avklart gjennom kommunale sti- og løypeplanar. Traseen er del av Åseral kommune sin sti- og løypeplan. Verneområdestyret har som nemnd ikkje hatt innvending til traseen i sin uttale.

Traseen kring Skrivaren ligg i «skuggen» av traseen til Pytten og søknaden om maskinpreparering er avgrensa til påskeveka. Nordleg del av traseen følgjer dalføret ved Øytjønnin, dvs at traseen er såleis lite eksponert i høgda. Normalt er det mange som tar turen opp på Skrivaren i påskeveka, og det er generelt mykje ferdsel kring fjelltoppen. Med maskinpreparering av traseen vil meir av ferdsla bli samla i ein trase.

Med grunngjeving ovanfor er forvaltar si vurdering at maskinpreparering av traseen kring Skrivaren ikkje vil stri mot verneføremålet og ikkje vil påverke verneverdiane nemneverdig. Det vil såleis vera høve til å gi dispensasjon etter denne paragrafen.

Konklusjon

Det vert gjeven løyve til maskinpreparering av baa traseane i tråd med søknad.

AU 21/23 Eventuelt